

Innkalling til møte i Gulen kommunestyre 25.10.2012

SAKLISTE

- DELEGASJONSSAKER
- SKRIV OG MELDINGAR
- NORDHORDLAND LEGEVAKT. STYRKING AV LEGEVAKTA OG KONSEKVENSAV NYE OPPGÅVER
- ETABLERINGSTILSKOT - REVISJON AV RETNINGSLINJER
- BEREDSKAPSPLAN FOR GULEN KOMMUNE - REVISJON 2012
- DRIFTSRAPPORT 2. TERTIAL 2012
- TILSEJTING AV RÅDMANN

Stad og tid: Gulasalen, kommunehuset i Eivindvik kl 12.30. Sakstilfanget ligg til gjennomsyn i ekspedisjonen, og på kommunen si nettside: www.gulen.kommune.no
Nye saker kan kome til. Delar av handsaminga ved sak om tilsetjing av rådmann er unnateke ålmeinta, møtet er elles ope for publikum. Møte er ope for publikum.

Alle er velkomne.

Hallvard Oppedal
Ordfører

Frå ordføreren

Det er no 5 år sidan Vest Tank-ulukka i 2007, og i 2008 vart det gjennomført ei helseundersøking der Haukeland universitetssjukehus fekk i oppdrag å følgje opp helsetilstanden i Sløvåg og arbeidstakarane som deltok i oppryddingsarbeidet. No i haust skal det gjennomførast ei ny helseundersøking av dei som deltok i 2008 der ein gjer om lag dei same undersøkingane som sist. Dei det gjeld har sikkert fått tilsendt spørjeskjema allereie.

Eg vil oppfordre alle som har fått tilbodet, om å møte på undersøkinga. Sjølv om du føler deg frisk, eller bur eit stykke unna Sløvåg, er det viktig at du møter slik at vi får eit best mogeleg grunnlag for undersøkinga, og kan legge denne ulykka bak oss og sjå framover.

Hallvard Oppedal

Ny helseundersøking etter eksplosjonen ved Vest Tank sitt anlegg i 2007

Gulen kommune oppmodar alle som får innkallinga om å møte opp!

Haukeland universitetssjukehus og Universitetet i Bergen sitt prosjekt om oppfølging av korleis ulukka påverka helsa til dei involverte, går no inn i siste runde.

Det blir folkemøte med meir informasjon i Dalsøyra Samfunnshus 17. oktober kl 18.00.

Frå prosjektleiinga har vi fått følgjande informasjon:

I oktober 2012 startar vi opp med nye helseundersøkingar etter ulukka i 2007. Alle som deltok i helseundersøkinga i 2008 får innkalling. Undersøkingane denne gongen vil gå føre seg i klubbhuset ved Nordbygda idrettsanlegg. Det kjem eige brev i posten til alle som var med sist.

Etter planen er dette den siste undersøkinga. Oppmøtet i samband med den første undersøkinga var god, men for at vi skal kunne konkludera, er det viktig at alle stiller opp igjen.

Farleg avfall

No er det nesten slutt på at nokon set frå seg farleg avfall attmed miljøstasjonar og hyttekontainrar. Dessverre har det synt seg at problemet framleis er der ved kontainaren i Eivindvik. Vi vil oppmode alle innbyggjarar, hyttefolk og besøkjande om å stoppe med dette! Slikt avfall skal leverast til NGIR sine gjenvinningsstasjonar, eller leverast på dei særskilde henterutene. Info om dette finn du på NGIR.no, eller i NGIR sine infoskriv som vert sendt alle husstandar.



Plan-nytt

Nærare informasjon finn du på heimeside
www.gulen.kommune.no/planar-og-prosjekt

I dag pågår 23 arealplanar, blant anna følgjande:

Kommunedelplan for Eivindvik

Godkjent med mindre endringar i
kommunestyremøte 27.09.2012.

Kommunedelplan, IKP Fensfjorden

Revidert planforslag, med mindre endringar, vart
godkjent i styremøte 05.10.2012 og vert sendt
vidare til kommunane for godkjenning.

Kommunedelplan for Trafikktrygging

Planarbeid for planen pågår.

Kommuneplanen for Gulen kommune

Forslag til planoppstart med planprogram i
formannskapsmøte 11.10.2012.

Sjå separat brosjyre lenger bak i Infoposten.

Vassregion Hordaland og Sogn og Fjordane

Vesentlege vassforvaltningsspørsmål for
vassområde Nordhordland ligg ute til høyring
med høyringsfrist 31.12.2012.

Reguleringsplanar

Godkjenning av plan for stadfesting:

- Gåtafelt, Byrknes. Mindre endringar, HPU
16.11.2012
- Randal hytter, mindre endringar, HPU
16.11.2012

* Administrativ vurdering:

- Kvernevågen, spreidd bygningar, revidert plan
- Merkedalsvågen, gbnr. 94/1, revidert plan

* Planarbeid pågår:

- Åmdalsvik hyttegrend, gbnr. 40/1, Nyborg
- Skipavika næringspark, gbnr. 79/4,33
- Krekebærtua, gbnr. 94/5, Bremnes

* Planoppstart:

- Randal hytter, gbnr. 86/3, endring, frist
26.10.2012
- Fivelsdal gbnr. 78/3, hytter, høyringsfrist
30.11.2012

Til orientering

På grunn av intern opplæring den 21. og 22.
november, vert det reduserte publikumstenester
på kommunehuset. Telefonnr 57 78 20 00 vert
betjent, men det kan verte vanskar med å få
treffe sakshandsamarar

Nytt ansikt ved ekspedisjonen



Anne-Line Kvame er
nytilsett ved
ekspedisjonsavdelinga
frå 24. september. Ho er
mellom anna ansvarleg
for telefonsentral samt
kunde-/servicebehandling. Så dersom du ringer
eller kjem på besøk til kommunen er det stor
sannsynlighet for at Anne-Line er der for å hjelpe
deg vidare.

Vi ønskjer ho velkommen!

Støttefamilie/besøksheim

Er de den familien som ynskjer å dele av dykkar
tid med andre?

Barneverntenesta i Gulen treng fleire
støttefamiliar.

Ein støttefamilie er ein familie som kan romme
andre barn, og la desse borna vere ein del av
familien. Vi treng familiar som er aktive, kreative,
og som kan gje omsorg og nærleik. Dei som
kunne tenke seg å vere ein ekstraressurs for
andre kan ta kontakt med oss. Familiar som blir
brukte må legge fram nyare politiattest. De vil få
ei godtgjersle for å vere ein støttefamilie, og de
vil òg få rettleiing.

Vil du vite meir, ta kontakt med oss!!

Helsing barnevern v/Jane Hesjedal og
Ann Helen Engesæter

Telefon 57 78 20 60 / 57 78 20 61


*Demensteamet i Gulen kommune
Tlf. 416 10 972 eller 957 02 551
frå måndag til fredag, kl 12.00 – 16.00*



Julemesse i Bålen

Hjarteleg velkommen til ei spennande, smakfull
og kreativ julemesse i Bålen 4. november frå
kl 11.00 – 16.00. Vi har mellom anna heile 33
utstillarar og servering av mat på dagsmenyen.

Legg julehandelen og søndagsmiddagen til
Bålen 4. november, så vert du raskt ferdig og
kan heller nyte førjulstida.



Brosjyre om planoppstart for kommuneplan for Gulen 2012 -2024


I formannskapsmøte 11. oktober 2012 har Gulen kommune godkjent å starte opp rullering av kommuneplanen for Gulen. Med dette vil kommunen invitere bebuarar i Gulen og andre interesserte til å delta i planarbeidet.

Kvart 4 år etter kommunevalet er det krav i Plan- og bygningslova § 10-1 om at kommunestyret utarbeidar ein planstrategi. Planstrategien bør omfatte ein drøfting av kommunen sine strategiske val knytt til samfunnsutvikling, herunder langsiktig arealbruk, miljøutfordringar, kommunen si verksemd og ei vurdering av kommunen sitt planbehov i valperioden.

Planstrategien vart vedteken 21.06.2012, og blir no brukt for starte opp rullering av kommuneplanen. Kommuneplanen inneheld ein samfunnsdel og ein arealdel. Samfunnsdelen er grunnlag for handlingsplanen, og er rettleiande for arealdel, som har to delar; rapport med føresegner og tilhøyrande arealplankart.

For å tydeleggjere og forklare prosessen, brukar kommunen planprogram. Det skal omhandle føremålet med planarbeidet og opplegget for medverking.

Arealdelen i dag er godkjent i 2009 og inneheld 8 kvite område. 6 av desse er dekkja av kommunedelplanar frå 1990. Nye delplanar for Sløvåg-Skipavik og for Eivindvik er godkjent i 2012. Delplanane for bygdesentera Brekke, Dalsøyra og Byrknes, og for Haveland og Oppedal, er det no planlagt å prioritere ved oppdatering av heile arealplankartet.



Planprosess:

- 11.10.2012 Vedtak om planoppstart med planprogram
- 18.10.2012 Starte høyringsperiode og arbeid med planprogram.
I denne perioden ønskjer administrasjonen innspel om prosess og emne som me kan arbeide med vidare, sjå skildring i planprogram. Frist er 7. desember 2012.
- 18.10.2012 Start av planarbeid i intern arbeidsgruppe i kommunehuset.
Gruppa skal ha arbeidsdagar i kvar bygd for å møte bebuarar og drøfte konkrete emne i samfunnsdelen, og nye føremål - tiltak for arealdelen.
Arbeidsdagar er planlagt i perioden november 2012 – februar 2013:
- 20.11.2012 Brekke**
- 11.12.2012 Dalsøyra**
- 15.01.2013 Byrknesøy**

Målet er å revidere noverande samfunnsdel frå 2007. Vi planlegg å behalde noverande hovudmål og satsingsområde, men samstundes ta omsyn til dagens utfordringar:

- **Folketalutvikling**
- **Variasjon i arbeidsplassar**
- **"Robuste" bygdesenter**
- **Kvalitet på kommunale tenestetilbod**
- **Folkehelse**
- **Klima og miljø**

Planarbeidet med arealplanen har følgjande hovudføremål:

- å sikre gode og tilstrekkelege areal for næringsutvikling.
- å setje av område for bustadbygging, offentlege føremål, mm.
- å setje av område for vidare bygdeutvikling med fokus på kultur og handel.
- å avklare trafikktryggleik for fleire og ulike trafikkantar.
- å avklare buffersone mellom dei ulike områda.

Vår 2013 Framlegg til 1. gongs høyring for revidert samfunnsdel.

Sommar 2013 Før / etter sommaren vil administrasjonen kome med fyrste utkast og presentere det i kvar bygd.

Haust 2013 Planlegging framlegg 1. gongs høyring og offentlig ettersyn for planrapport og arealplankart med konsekvensutgreiing.

Vel møtt!

Ta gjerne kontakt med kommunen dersom du ønskjer nærare opplysingar.
Gjeldande kommuneplan finn du på www.gulen.kommune.no under punktet Planar og prosjekt

Frank van den Ring, tel. 57 78 20 46, frank.van.den.ring@gulen.kommune.no